



Nyhendebrev Nr. 4/2025

NYTT OG NYTTIG for frivillige i Stad

SPELEMIDLAR TIL ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET!

Søknadsfristen er onsdag 15. oktober. Les meir om stønadsordninga på [HER](#).

KULTURMIDLANE ER ENNO IKKJE UTLYST

På grunn av Stad kommune sin økonomiske situasjon, skal ordninga med kulturmidlar + kulturpris/ungdomens kulturpris og idrettsprisen opp til vurdering på kommunestyremøte 23. oktober. Les meir [HER](#).

OKLAMIDLAR

Nye midlar frå Oklafondet blir lyst ut i midten av oktober. Informasjon finn de [HER](#)

BESTILL LYNKURS MED FRIVILLIGSENTRALANE : STAD FORENINGSPORTAL OG TILSKUDDSPORTALEN!

Vi ønskjer ein oppdatert foreningsportal og meirbruk av både Stad Foreningsportal og Tilskuddsportalen. Les meir om dei digitale vektøya og korleis frivilligsentralane kan hjelpe [HER](#)

TV-AKSJONEN 19. OKTOBER 2025 - BLI BØSSEBERAR!

Årets TV-aksjon går til Atlas-alliansen og skal opne dører for dei med funksjonsnedsetjingar som lever i krig og fattigdom. Det trengs fleire både rodeleiarar og bøsseberarar. Les meir [HER](#)





Nyhendebrev Nr. 4/2025 side 2

NYTT OG NYTTIG for frivillige i Stad

BLI MED PÅ KURS I KVARDAGSGLEDE

I haust tilbyr Frisklivssentralen kurs i kvardagsglede. Kurset passar for alle over 18 år som ønsker å ta grep i kvardagen. Påmeldingsfrist mandag 13.10. Les meir [HER](#)

FRIVILLIGHET NORGE – NYTTIGE KURS OG MANGE GODE TIPS TIL ORGANISASJONSDRIFT

Lag og organisasjonar i Stad bør abonnere på nyhendebrevet til Frivillighet Norge. Der finn du mykje nyttig informasjon om organisasjonsdrift og gratis kurs. Døme:

[Ledelse av frivillige \(digitalt kurs\), 16. oktober 2025 kl 18:00 til 19:00](#)

[Grunnkurs om valgkomitéarbeid, digitalt 25. november 2025 kl 17:00 til 19:00](#)

[Det finnest også mange gode «Verktøy for frivillige organisasjoner» her](#)

KOMMUNALE HØYRINGAR:

Stad kommune ønskjer alltid innspel på dei høyringane som til ei kvar tid ligg ute.

Dei finn du på Stad kommune si nettside. Om lag midt på sida finn du overskrifta

«Politikk og organisasjon». Klikk på knappen «INNSYN» deretter «HØYRINGAR» så

vel du «Aktive høyringar» til venstre på sida. [Direktelenke til aktive høyringar finn du her](#)